

Basar med lange tradisjonar og alltid like populært.

13.10.2018



Begge salane på Bedehuset vart tekne i bruk i dag på den populære og årlege Bedehusbasaren.

Bedehusbasaren samla mykje folk i det dårlige veret. Det var vanskar med parkering og nokre måtte finna plass for bilen i sentrum og gå fram til lokale. Uskedalen har lange tradisjonar med basarar av ulike slag. Bedehusbasaren har truleg vore årleg sidan huset vart bygd på 1930 talet. Inntekta går til drift og investeringar på Bedehuset. Indremisjonsstyret reknar med ei inntekt rundt kr. 30.000,-

Knut Olav Myklebust helsa velkommen og leia basaren. Nytt for mange var bruk av Ipad til trekkinga. Ein app er lasta ned, du legg inn talet for kor mange årar/loddtal som er selde og så går trekkinga raskt og effektivt. Det er med andre ord slutt på kassen der ein rista fram nummertala i små luker.



Klart for første trekking.

Etter to om gangar med åresal var det musikkandakt ved Aslaug Hellesøy. Ho fortalte om fjellturen til Ulvanoso i sterk vind der det var viktig å vita stien og ikkje trakka feil. Den T merka ruta synte vegen. Livet er også ei vandring der Jesus syner vegen. Aslaug framførde tre songar med tonefylgje av Astrid Naterstad. Ein av songane var Høgt for den himmelske klåra, omsett til nynorsk av Anders Hovden.



Aslaug Hellesøy stod for musikkandakt. Med seg på piano hadde ho Astrid Naterstad.

Bedehusbasaren går inn i ei lang rekke basarar bygda har hatt i mange år. Berre på Bedehuset var det fire basarar med inntekt til ytre- og indremisjon: Misjonsselskapet, Misjonssambandet, Santalmisjonen og Indremisjonen.



Hovudgevinstane med mellom anna ei signert bok av Harald Sætre om Veteranfarty.

Helgheim hadde desse basarane: Redningsskøyta, Sjømannsmisjonen, Helselaget, Ungdomslaget og Skulemusikken. Helselaget har framleis sin basar i Helgheim.

Haugland og Musland hadde minst to basarar: Helselaget og ein basar der inntekta vart delt på Misionsseskapet og Indremisjonen.

Nøyaktig resultat frå basaren vert kunngjort som notis i morgen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Teknologien er teken i bruk for å vera trygg på at det er ei rett og god trekning.